

Frå 1. mai 2017:

Tverrprofesjonelt tilbod til pasientar med langvarige ikkje maligne smerter

Helse Førde har starta opp tverrfagleg smertepoliklinikk, lokalisert i Sunnfjord Medisinske Senter, Florø.

Smertepoliklinikken skal yte tenester til pasientar med smerteplager med kronisk preg, eller fare for kronifisering med målsetting om å lindre smerter og/eller gi betre smertemestring. Tilbodet vert tilpassa den einskilde sitt behov, med tilbod om systemisk arbeid og ambulante tenester.

For å trygge breidde i vurdering og tiltak, er det i poliklinikken;

- lege,
- psykolog,
- fysioterapeut,
- sosionom og
- sjukepleiar

Ved behov vil andre faggrupper med naudsynt spesialkompetanse verte konsultert.

Tilbodet er etablert i samsvar med tilråding frå ei prosjektgruppe samansett av likeperson, praksiskonsulent, og deltakarar frå førstelinje og Helse Førde. Organisering, drift og bemanning følg nasjonale retningslinjer og tilrådingar og bygger på velkjente og anerkjente metodar for undersøking og tiltak. Smertepoliklinikken skal jobbe tverrprofesjonelt og pasientretta.

Tilvisingane merkast «**Smertepol.**» og sendast Helse Førde i ordinær post eller elektronisk til **Fysisk medisin og rehabilitering (Førde sentralsjukehus, Førde)**. For best mogleg inntaksvurdering treng vi gode tilvisingar med opplysningar om;

- Karakter, lokalisasjon, og lengde på smertetilstand
- Fysisk, psykisk og sosial funksjon
- Familiefaktorar og omsorgsoppgåver
- Ledsagande emosjonelle vanskar
- Arbeidstilknytning
- Pågåande, uavklart trygde-/forsikringssak
- Tidlegare eller pågåande rusåtferd
- Tidlegare og pågåande medikamentell behandling
- Tidlegare vurdering ved smerteklinikk
- Motivasjon for tverrfagleg tilnærming / biopsykososial modell

Tilvisingane vert vurdert fortløpande og alle pasientar vert kontakta innan 10 dagar etter motteke tilvising for avklaring av behov og avtale for oppmøte/undersøking. Det er ei uttalt målsetting at behandlingsperioden skal vere avgrensa og kompakt, utan fleire konsultasjonar og reiser enn tenleg. Pasientforløpet med undersøking og tiltaksplan vil bli avslutta med pas. tverrfagleg tilbakemelding. Fastlege og dei pas. måtte ønskje å ha med seg vil få høve til å delta, eventuelt via videokonferanse.

Poliklinikken er organisert under Medisinsk klinikk i Helse Førde.

Kontaktinfo:

Helse Førde, Smertepoliklinikken, postboks 1000, Helse Førde, 6807 Førde. Telefon 578 39 163.